

VEDTEKTER FOR VERNE / RESTAURERINGS PRISEN I TOKKE

Etter vedtak i Oppvekstutvalget 19/35

1. Målet med prisen er å stimulere eigarar av eldre kulturhistorisk og arkitektonisk verdfulle bygningar, bygningsmiljø og andre verdfulle kulturminne til auka vern og vedlikehald av desse.
2. Prisen kan gjevast til ein eller fleire personar eller institusjonar som har drive systematisk vedlikehald eller sett i stand bygningar/kulturminne etter antikvariske retningsliner.
3. Bygningar og andre kulturminne som er sett i stand vesentleg med offentleg innsats, bør vanlegvis ikkje vera aktuelle til prisen. Ved vurdering av bygningar og bygningsmiljø skal det leggjast vekt både på utvendige og innvendige kvalitetar.
Gjennom pressa skal det gjerast kjent at me ynskjer framlegg på kandidatar med tidsfrist for innsending til Oppvekst, kultur og idrettsetaten.
Framlegga skal vera skriftlege, grunngjevne og med underskrift av forslagstillaren.
4. Oppveks, kultur og idrettsutvalet er fast verneprisnemnd i Tokke. Utvalet kan knyte til seg ein bygningskyndig person med særleg kompetanse når det gjeld restaurering av verneverdige bygningar for å gje råd og rettleiing.
5. Prisen kan delast ut ein gong i året så sant nemnda finn ein verdig kandidat mellom dei innkomne framlegga.
6. Dersom verne/ restaureringsprisen eitt år ikkje vert delt ut, kan summen overførast til andre føremål innan kulturvern-arbeidet i kommunen.
7. Framlegg på aktuelle kandidatar må ha kome inn til oppvekst-kultur og idrettsetaten innan fristen går ut, om lag 15. oktober. Oppvekst, kultur og idrettsutvalet skal få sak til handsaming innan november. Prisen skal delast ut av leiaren i oppvekstutvalet på siste kommunestyremøtet i året.
8. Prisen er på kr 15 000,- + plakett og diplom.